Nest best: Avtroppande Dag Rune Mo (t. v.) fekk ros av fylkessekretær Roald Kvamme for medlemsveksten i Kvam Ap.
Foto: Åsmund Soldal

# Fullt på høgd med proffane



**Gjester:** Tony Jacobsen, Fredik Solhaug, Paul Arild Solhaug og Petter Jacobsen kom frå Bergen for å få med seg autoslalåmtevlinga i Kvam.

Foto: Katrine Helgheim

Kring 150 personar var samla til autoslalåmtevling i Norheimsund sundag. Den lokale nybyrjaren Morten Steine gjorde det like godt som bergensar Paul Arild Solhaug, som vann førre runde i Norheimsund. Solhaug er ingen kven som helst i sporten. Han tok bronse i noregsmeisterskapen i 2007 og femteplassen i fjor.

Arrangør Ingolf Eknes i Naf Kvam trur ikkje det er vanleg at lokale ungdomar køyrer skjorta av rutinerte slalåmsjåførar.

– At det skjer i Kvam, trur eg skuldast mykje det ungdomane har mellom øyra, seier Eknes.

– Proffane er oppskrudde og skal inn her og knusa oss. Her er deltakarane avslappa og sig gjennom løypa. Me har god psyke, meiner Eknes.

Eknes er nøgd med påmeldinga, men ynskjer at fleire lokale ungdomar deltek ved seinare høve.

HF var med då ringreven Solhaug prøvdekøyrde den glatte løypa på grusbanen. Dwet baud på sommarfuglar i magen.

|side 8

hf.no Hordaland Folkeblad
HF til Kvamskogen
tysdag 24. februar 2009
Annonsefristen er tysdag 17. februar
Riss grafisk formgjeving AS
v/Britt Johanne B. Hjartnes
Telefon: 56 55 36 54 Faks: 56 55 51 90
E-post: britt-johanne@riss-as.no
Hordaland Folkeblad
Tlf. 56 55 00 20 • Faks 56 55 00 21 • annonse@hf.no
www.hf.no

ARMERINGS-KUTTAR
REBAR Buster
Industri verktøy
BC-16
Batteridreven armeringskuttar
Enkel i bruk!
9.900,- ekskl. mva.
12.375,- inkl. mva.
Leverast med stål transportkoffert og verktøysett.
GULES Mek. og landbruksverkstad AS
5610 Øystese • Tlf. 56 55 63 19
Fax 56 55 63 39 • Mob. 91 30 68 09
www.gules.no • E-post: firmapost@gules.no
Jernvare - Landbruk - Skog - Hage - Båt og Båtutstyr

Minner om
SMØRJEKURS
i kveld kl 18.00-20.00 i butikken
GLI OG FESTE v/Paul Aunaas
sport 1
Mo sport
5600 Norheimsund - Tlf. 56 55 13 60

hf.no Hordaland Folkeblad
annonse@hf.no
Tlf. 56 55 00 20
Fax 56 55 00 21
www.hf.no

BRIO.
• Gode kvalitetskle
• Mexx
• Lego Wear
• Mykje nytt i vårkle
BRIO-Norheimsund
Tommeliten AS, 56 55 21 60
www.briobutikken.no

ADVOKATFIRMAET
HARRIS
JURIDISK BISTAND GJENNOM GENERASJONAR
For timeavtale i Norheimsund:
Børje L. Hoff Tlf. 994 25 925 blh@harris.no
Christian S. Mathiassen Tlf. 930 11 021 csm@harris.no
Sandvenvegen 40 • Tlf. 56 55 44 40
www.harris.no

– Ta ein prøvetur med ein av proffane, du, seier kommentator Sonja Blom Hagen til HF før autoslalåmtevlinga. Ein skjelven bladfyk kan ikkje anna enn å gjera som ho seier.

KATRINE HELGHEIM



**Far og son:** Paul Arild Solhaug og sonen Fredrik sit i BMW-en. Sundag vitja dei Norheimsund fordi det var autoslalåm å oppdriva i bygda.

# BMWrooooom

Autoslalåm, bilcross, rally, formel 1 – det går på eit vis for det same for underteikna. Om målet er å køyra fortast mogeleg, gamblar ein med livet, meiner eg. Difor hoppar hjartet over eit slag når Blom Hagen kommanderer meg ut på prøvetur med ein proff på ein snødekt grusbane i Norheimsund.

## Nervar

– Paul tek deg med. Han køyrer ikkje fort heller, seier Blom Hagen.

Neivel, nei.

Medan deltakarane får ei innføring i løypa av arrangør Ingolf Eknes i Naf Kvam, flyg tankane til den gongen eg var prøvekanin i akrobatfly. Eg kjenner att kjensla. Eg kvir meg til noko eg ikkje anar kva er, men som verkar farleg. Eg anar ikkje kva eg har sagt ja til, men meiner det eg trur eg har sagt ja til, ikkje er verdt å ofra livet for.

– Det er glatt! manar Eknes.

Eg hatar å køyra på glatt underlag. Seinast for tre veker sidan sigla eg elegant som ein elefant nedover Grovabrotet etter fånyttes å ha freista svinga inn i HF-tunet.

rer Eknes.

Deltakarane skal køyra tre gonger gjennom ei om lag åtte hundre meter lang løype. Dei to beste av

– Då, Paul, tek du med deg journalisten på ein prøverunde, kringkastar Blom Hagen.

Gulp.

som vann førre autoslalåmtevling i Norheimsund.

Solhaug og eg set oss i bilen, ein trufast, tiue år gammal BMW

**Resultat:**
**Klasse 1, standardbilar:** 1) Hans-Jacob Alsaker, Bergen 3.44, 2)

sigla og elegant som ein elefant nedover Grovabrotet etter fånyttes å ha freista svinga inn i HF-tunet. Mors nye bil kom til alt hell frå det utan ei skramme. Då eg like etter ringde henne for å tilstå, sa ho at det ikkje var nøye med bilen. Det viktigaste var at eg var heil. Kva seier ho no dersom eg endar i fleire delar fordi eg ikkje greidde å seia nei til å vera passasjer i ei prøvekøyring før ei autoslalåmtevling? Milde måne.

– Kva om me er uheldige og køyrer inn i ei snøfonn? Kva skjer då?

Ein av deltakarane avbryt mi destruktive tankerekkje. Eknes svarar at han har tau og bergingsutstyr, mellom anna ein sjakkel.

– For at eg skal kunna bruka han, er det viktig at me finn...

– ... bilen? seier ein.

Alle skrattar.

– Nei, kroken på bilen, presiserer Deltakarane skal køyra tre gonger gjennom ei om lag åtte hundre meter lang løype. Dei to beste av dei tre omgangane vert teljande. Kvar gong deltakarane køyrer ned ei kjegle, får dei to tilleggssekund.

Utekontakt, medarrangør og kjeglevakt Siriann Lillevik kjem med ei viktig melding til alle.

– I fennene står sånne som meg og han, seier ho, og peikar på ein vaktkollega.

– Ikkje treff oss!

– Køyrer dei på oss, får dei minus ti sekund, kviskrar Lillevik medan Eknes orienterer.

Det går ei stund.

– Eg meinte pluss.

## Ut på tur

Ute står bilar på rad og rekkje og ventar på å få rista laus i den brøytte løypa på grusbanen, som inntil nyleg var dekt med tretti–førti centimeter snø.

journalisten på ein prøverunde, kringkastar Blom Hagen.

Gulp.

Eg handhelsar på Paul Arild Solhaug frå Bergen.

– Lovar du at du ikkje køyrer fort? spør eg.

Høyrer med ein gong at det var eit dustete spørsmål.

– Ta det med ro. Ingenting gale kan skje, seier Solhaug.

– Kan me ikkje velta?

– Jau.

Solhaug har drive med autoslalåm i ni år. Dei siste åra har han tevla i noregstoppen. I 2007 tok han bronse i noregsmeisterskapen, i fjor vart han nummer fem. Han og kompisane Petter og Tony Jacobsen er med på det meste på autoslalåmfronten. Alle er medlemer i BMW-klubben i Hordaland, og har teke turen til Norheimsund saman med sonen til Paul Arild, Fredrik (8). Han heiar på pappa, i Norheimsund.

Solhaug og eg set oss i bilen, ein trufast, tjue år gammal BMW 325IX E-30. Eller kva det var.

– Kjem me gjennom her? spør bergensaren når han snirklar seg mellom fleire av dei parkerte bilane som ventar på tur. Så er det klampen i bånn. Mykje lyd og mykje snø. Ei kjegle slepp unna her, ei kjegle vert påkøyrd der. Siriann Lillevik og kjeglevaktane kjem frå det med livet. Fartsmålaren viser 70 på den glatte grusbanen.

– Det er glatt, slår Solhaug fast.

Eg fotograferer og pratar og har det i grunnen greitt. Autoslalåm var ikkje så skummelt som eg frykta. Føremonen med å vera pessimistisk og nervøs er at ein stort sett vert positivt overraska. Etter berre eit par minutt er det heile over.

**Resultat:**
**Klasse 1, standardbilar:** 1) Hans-Jacob Alsaker, Bergen 3.44. 2) Petter Jacobsen, Bergen 3.62.
**Klasse 2, modifiserte bilar:** 1) Paul Arild Solhaug, Bergen 3.31. 2) Adrian Dahle Berland, Bergen 3.40. 3) Frank Knoph, Bergen 3.42. 4) Tony Jacobsen, Bergen 3.53.
**Klasse 3, nybyrjarar:** 1) Morten Steine, Norheimsund 3.31. 2) Kåre Brurok, Øystese 3.32. 3) André Langesæter, Øystese 3.33. 4) Rune Hammer, Øystese 3.48. 5) Henrik Børven, Øystese 3.49. 6) Frode Osmo, Norheimsund 4.01. 7) Jon Magne Skeie, Norheimsund 4.42.

Solhaug rullar over mållina og tek peiling på eit smalt klype mellom to parkerte bilar.

– Her kjem me ikkje gjennom, konstaterer han eit stykke på veg inn mellom bilane, ryggar og dunkar til spegelen på eit parkert nissanglis.

helgheim@hf.no





Frå venstre:
**Ringrev:** – Løypa var ikkje enkel, sa BMW-sjåfør Paul Arild Solhaug frå Bergen etter at HF hadde vore med han på prøvetur.

**Følgjer med:** Petter Jacobsen (t. v.) frå Bergen og Rune Hammer frå Øystese trivst på glatt føre.